

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Tema: språk og identitet - lytte til og lesa tekstar på svensk og dansk og gjera rede for innhald og språklege trekk - kunne reflektera rundt språk og identitet
Engelsk	Tema: Indigenous Peoples - reading, writing and speaking about the history, culture and languages of Indigenous peoples - using active and passive voice
Matematikk	- Laga matematiske modellar ved hjelp av regresjon, og vurdere haldbarheita til modellane - Finna ny pris og prosentvis auking eller reduksjon - Bruka vekstfaktor i samband med auking eller reduksjon - Rekna ut prosentvis auking eller reduksjon
Samfunnsfag	Tema: Midtausten - kunna plassera sentrale land i Midtausten på kartet og forklara kvifor regionen har strategisk betydning - kunna gi døme på korleis europeisk kolonialisme og stormaktsinnblanding har påverka grensene og maktforholda i Midtausten - kunna drøfta korleis historiske hendingar påverkar situasjonen i Midtausten i dag
KRLE	Tema: Religiøst mangfald utforske og presentere religiøst mangfald og religiøse praksisar utanfor etablerte religionssamfunn
Naturfag	Tema: Seksuell helse - Gjera greie for nokre stadium i svangerskapet og korleis det kan avsluttast - Gi døme på nokre typar prevensjonsmiddel og fortelja korleis dei verkar - Diskutera fordelar og ulemper med ulike prevensjonsmiddel - Gi døme på nokre seksuelt overførbare infeksjonar og kjenne til korleis ein kan få meir informasjon og rettleiing
Kunst og håndverk	Oppgåve: Arkitektur med monotrykk - Kunna bruka materialar og reiskapar på ein god måte og få fram det uttrykket du ynskjer. - Kunna bruka målarpenselen og få fram ulike uttrykk. - Kunna bearbeida eit bilete og få fram kontrastar og skuggar.
Spansk	- snakka om yrker og arbeid - fortelja kva du ønskjer å gjera framtida - utdanning og skulegang i spansktalande land - Peru - Førebuing til munnleg eksamen
Tysk	- Repetisjon av grammatikk, skriftleg vurdering - Kunna skriva og snakka om draumar, planar og yrke - Repetisjon av skulesystem i Noreg og Tyskland - Vekselpreposisjonar i akkusativ og dativ - Læra forskjellen mellom “werden” og “bleiben”
Eng fordj	Laga ein reklame for ein fritidsaktivitet
Musikk	Lag og framfør protestlåt/rap.
Friluftsliv	Planlegga og gjennomføra turar i nærmiljøet

Design	Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljømedviten måte.
--------	--

INFORMASJON TIL HEIMEN
Varsel Om nokre elevar no står i fare for å ikkje få vurdering i fag, eller for å bli sett ned i orden eller åtferd vil det no bli sendt ut eit varsel. Dette er i samsvar med opplæringslova §9-7. Varselet har til hensikt å gi eleven høve til å anten få karakter i fag, eller betre karakteren i orden og åtferd. Utviklingssamtalar Minner om at utviklingssamtalar er valfritt denne gongen. Om ein ønskjer å ha utviklingssamtalar, gir ein beskjed til kontaktlærar snarast. Påskeferie Påskeferien er i år frå 30/3 til og med 7/4. Tysdag 7/4 er det planleggingsdag på skulen og elevane har fri. Første dag etter ferien er onsdag 8/4. Vi ønskjer alle ei riktig god påske! Helsing oss på 10.trinn

VURDERINGAR	
Veke	Fag, innhald
Veke 13	Onsdag veke 13: Skriftleg heildagsprøve i norsk hovudmål.
	Engelsk fordjupning: lever filmen innan torsdag kl. 23.59.
	KRLE: Skriftleg prøve siste timen klassen har før ferie.

HEIMEARBEID VEKE 12	
Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga.
Engelsk	Find information about the situation of Indigenous Australians today . Write one or two paragraphs. Use information from at least three sources, not AI-summaries. List your sources.
Matematikk	10 A : Eksponentialfunksjonar, oppgåveboka s. 90: oppg. 2.147 og 2.148. Gjer oppgåvene på GeoGebra. Matematiske modellar, oppgåveboka s. 92, oppg. 2.149 og 2.150. 10 B: Matematiske modellar. Oppgåveboka s. 92, oppg. 2.149 og 2.150. Repetisjonsoppgåver. Oppgåveboka s. 100-104: oppg. 6, 7, 8 og 9. Ta bilete av lekse di og lim inn på ON under heimearbeid veke 12. 10 C og D: Repetisjonsoppgåver, oppgåveboka s. 100-104: oppg. 6, 7, 8 og 9. Ta bilete av lekse di og lim inn på ON under heimearbeid veke 12.
Samfunnsfag	Lag på eigahand ein PowerPointPresentasjon (PPT) om eit land i Midtausten. Minst fire sider og illustrasjon på kvar side. Få med kor landet ligg, flagg, folketal, språk, etniske grupper, politisk styresett, naturressursar, næringsveggar, levekår og anna. Tips til kjelde: FN-sambandet .

KRLE	Tema: Religiøst mangfold Les side 328-334 i "Store spørsmål" og svar på oppgåve 1- 9 på side 334 i skriveboka di.
Naturfag	Tema: Seksuell helse Prevensjon. Gjer «Kva las du no?», side 152 Svar med heile setningar i skrivebok eller på OneNote.
Spansk	Forebu deg til munleg presentasjon – Dette betyr å gjere det mange gånge før du presenterer til lærere.
Tysk	Øv deg til skriftleg vurdering på torsdag, sjå ON – Vurdering (skriftleg, veke 11)
Engelsk fordjupning	Jobb med filmen din. Dersom du skal jobba ein annan stad på torsdag, er det ditt ansvar at du har avtalt på førehand. Er det ikkje avtalt, fører me fråvær.
Musikk	Lag og framfør protestlåt/rap.
Friluftsliv	Avspasering for overnattingstur

HEIMEARBEID VEKE 13	
Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga.
Engelsk	Look at your sources from last week's homework. Comment your sources critically. Why did you choose them? How can they be trusted? Does the source use an insider perspective or not? What did you take into consideration when choosing? Write your answer on ON.
Matematikk	Repetisjonsoppgåver Oppgåveboka s. 140-145, oppg 2, 4, 7, 10 Ta bilete av lekse di og lim inn på ON under heimearbeid veke 13.
Samfunnsfag	Sjå minst ei nyheitssending på NRK om krigen som no pågår i Midtausten. Finn ut kva rolle "ditt" land frå PPT-en førre veke spelar i krigen, og legg til eit par ekstra i sider i PPT-en om dette. Lær deg kor landa i Midtausten ligg.
KRLE	Tema: Religiøst mangfold og urfolksreligionar Førebude seg til prøven
Naturfag	Tema: Seksuell helse Å få barn – svangerskap og helse. Gjer «Kva las du no?», side 146 Svar med heile setningar i skrivebok eller på OneNote.
Spansk	Forebu deg til munleg presentasjon – Hugs å levere manus og eventuell video på Teams.
Tysk	Bruk Videregående opplæring - vilbli.no (på tysk) og lag ein mini-presentasjon (2-3 min) om kva du vil studere vidare, kva du vil jobba med og kvifor. Tips: bruk orda "wollen", "werden", "weil", "finden".
Engelsk fordjupning	Jobb med filmen din – filmen skal vera levert torsdag kveld. Dersom du skal jobba ein annan stad på tysdag eller torsdag, er det ditt ansvar at du har avtalt på førehand. Er det ikkje avtalt, fører me fråvær.
Friluftsliv	Avspasering for overnattingstur